



“Bremanger Hamn – tryggleik og service midt i leia”

HOVUDMÅL

Skape vekst gjennom kontinuerlig utvikling og tilrettelegging av hamnetilbodet i Bremanger kommune

Drift/ Forvaltning

Bremanger hamn skal ivareta dei administrative og forvaltningsmessige oppgåvene Bremanger kommune er tillagt etter Lov om hamner og farvatn, og ta avgjersler i medhald av denne lova.

Samfunnsrolle

Bremanger hamn skal i tråd med Bremanger kommune sin strategiske næringsplan prioritere maritim infrastruktur for lokal og regional næringsutvikling.

Bremanger hamn skal vere ein pådrivar, støttespelar og koordinator for satsing på infrastruktur for maritime næringar i Bremanger kommune sitt sjøområde.

Bremanger hamn skal legge til rette for og utvikle effektive næringsareal og transportsystem for å sikre lokal konkurransekraft og for å tiltrekke seg meir aktivitet i tilknytning til transport på sjø.

UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR

Bremanger hamn har ansvar for tre kommunale kaier (Svelgen kai, Kalvåg kai og Amtskaia), ei mindre trebryggje (Iglandsvik), tre flyteanlegg (Svelgen Marina og Leirgulen) og eit venterom (Smørhamn). I tillegg er ei stor fiskerikai på Kalvøya under bygging. Bremanger hamn har pr. i dag også leigeavtaler på privat kai i Leirgulen og i Hennøystranda. Bremanger hamn har ansvar for forvaltning av eige hamneområde, og har ein viktig funksjon i høve akutt ureining (IUA).

- **Svelgen kai**

Framtidig bruk av den kommunale kaia i Svelgen bør avklarast i planperioden. Plasseringa av kaia midt i sentrum gjer at det ikkje er ynskjeleg med større varetransport over kaia (gruslaster, asfalt etc.), men det manglar offentlege kai alternativ til dette formål i nærområdet pr. dags dato. Å oppretthalde kaia for sporadisk bruk (persontrafikk, bunkring, dokk) vil krevje minimalt med vedlikehald, men større varetransport over kaia vil medføre vesentlege utbetningskostnader. Gjestebrygga vest for den kommunale kaia i Svelgen er i så dårleg forfatning at den bør avviklast og fjernast.

- **Svelgen Marina – flytebryggjeanlegget i Svelgen sentrum**

Ved sjøtrappa på torget i Svelgen sentrum vart det lagt ut eit betongflytebryggjeanlegg i 2011, dette anlegget skulle fungere som gjestebrygger for lokalbefolkning og tilreisande. Anlegget er ikkje dimensjonert til å handtere vær, vind og straumar som er i hamnebassenget. Bremanger Hamn har minimalt med inntekter og store vedlikehalds- og driftskostnader på anlegget. Marinaanlegg for fritidsfartøy er ikkje hamneanlegg som inngår i Bremanger hamn sitt ansvarsområde.

- **Bølgevern tilknytt sjøfronten i Svelgen sentrum**

For å ha ei roleg hamn og kunne skjerme fritidsbåtar som ønskjer å besøke Svelgen, er det eit mulig behov for skjerming/bølgevern i tilknytning til ny sjøfront. Det er hovudsakleg fritidsfartøy som nyttar dette området, og inntekspotensialet er lågt. Kostnaden med ei slik investering må vurderast opp mot nytten, og det vil ikkje vere inn under Bremanger hamn sitt naturlege ansvarsområde.

- **Kalvåg kai**

Kalvåg kai er delt opp i to kaifrontar pr. dags dato - industrikai på 105 meter og fiskeri kai på 140 meter. Begge kaier er innanfor ISPS området, men ISPS terminalen er ein «on/off»- terminal.

- **Kalvåg Fiskerihamn – Fiskeriutbyggingsprosjekt**

Fiskeriutbyggingsprosjektet er for og med fiskarane og fiskeindustrien i Bremanger kommune. Prosjektet har egen prosjektplan som viser 360 nye meter med kai med bakanforliggende hamneareal, nytt opparbeidd landareal for hamneformål, ny vegtilkomst til Kalvøya og ny fiskerihamn. Prosjektet vart

starta i 2010 og skal etter planer stå ferdigstilt i 2020. **Kalvåg fiskerihamn skal vere eit «fiskericluster» som skal bidra til, styrking og utvikling av fiskerinæringa langs kysten!**

- **Amtskaia i Kalvåg**

Ei fleirbrukskai som fungerer som ei av/på kai for tilreisande (fiskarar/turistar). Deler av kaia er pr. dags dato reservert til ambulansebåt. Elles er kaia nytta ved større arrangement i Kalvåg. Ambulanseknutepunktet skal flyttast til Smørhamn når Smørhamn ferjekai er overført til Bremanger hamn.

- **Leirgulen kai**

Bremanger Hamn leiger den private kaia i Leirgulen for å kunne oppretthalde hurtigbåtstoppet i Leirgulen fram til ny fast betongkai står klar til bruk. Ny kai vil vere ei fleirbrukskai som skal nyttast til hurtigbåtstopp, persontrafikk til/frå Vingen, lasting/lossinga av sand, singel, asfalt etc.

- **Hennøystanda**

Bremanger Hamn leiger den private kaia i Hennøystanda for å oppretthalde båtstoppet for fastbuande.

- **Smørhamn ferjekai**

Fylkestinget har vedteke at Bremanger kommune skal overta Smørhamn ferjekai. Kaia er i dag hovudsakleg nytta til ekspressbåtstopp. Bremanger hamn er eigar av venterommet i Smørhamn. Det må avklarast om kaia skal nyttast som beredskapskai, då brua/ferjelemmen må skiftast dersom kaia skal nyttast til ferjetrafikk. Dette vil vere ei investering på 0,5-1 mill kr. Det vil også vere eit årleg vedlikehaldsbehov for ferjekaia på om lag kr 50 000. Kaia skal nyttast som knutepunkt for ambulanse/ambulansebåt etter overtakinga.

- **Kjelkenes ferjekai**

Fylkestinget har vedteke at Bremanger kommune skal overta Kjelkenes ferjekai, med utgangspunkt i at ferjekaia skal nyttast som beredskapskai. Å oppretthalde ferjekaia medfører årlege vedlikehaldskostnader på om lag kr 50 000. Det må avklarast om kaia/kaiarealet kan nyttast til anna føremål eller om grunnlaget for overtakinga då fell vekk. Dersom Bremanger hamn skal overta kai og kaiareal må det leggjast til grunn at dette kan nyttast til anna føremål.

- **Iglandsvik**

Her har Bremanger hamn ei mindre trebrygge ved den kommunale vegen ut til moloen på Iglandsvik. Bryggja er i dag i bruk av fritidsbåtar og mindre sjarkar. Eigarane av fartøya betalar halvårleg kai leige. Bryggja treng ei omfattande oppgradering, det er mykje arbeid med oppfølging og administrasjon av kaia og inntekspotensialet er lågt. Det vert ikkje prioritert å bruke midlar til oppgradering av denne, då marinaanlegg ikkje er hamn sitt ansvarsområde. Bremanger hamn er open for at båtlag eller tilsvarande kan ta over anlegget for framtidig drift. Ved avhending av fiskerihamna på Iglandsvik bør Bremanger Hamn eventuelt ta over allmenningaskaia og molo.

ORGANISERING

Hamneverksemnda er i dag organisert innanfor kommuneadministrasjonen. Bremanger Hamn er organisert under Plan og forvaltning, og det er 1,1 stillingsressurs til hamneadministrasjon. Vedlikehaldsarbeid på hamna vert utført med innleigde ressursar eller internleige frå teknisk drift. Utviklings- og utbyggingsprosjekt innan hamn vert styrt etter PLP-prosessen. Fagleiar hamn fungerer i dei fleste høva som prosjektleiar i forstudie og forprosjektsfasen, medan det vert innhenta byggfagleg kompetanse (intern eller ekstern) til prosjektleiing i gjennomføringsfasen for utbyggingsprosjekta. Fagleiar hamn står for dagleg leiing og drift av Bremanger hamn, og har sekretariatfunksjonen for hamnestyret.

Ved oppretting av eiga samfunnsavdeling er det naturleg at hamn vert ei eiga eining under kommunalsjefen.

Hamnestyret er pr. i dag formannskapet med ein brukarrepresentant frå sjøområdet i tillegg, og ordførar er styreleiar for hamna. Formannskapet er involvert i eit stort spekter av saker, og skal ivareta kommunen sine interesser på alle felt. Møta i formannskapet har ofte lange saklister, og det har vore praktisk vanskeleg å samkøyre møter i formannskapet og hamnestyret.

Talet på medlemmar i hamnestyret bør avgrensast for å få eit organ som er lett å samle, og kunne ha meir arbeidsretta møter.

Hamnestyret bør organiserast med 5 representantar, der 3 er politisk valde og 2 er representantar frå brukarane. Hamnestyreleiar bør ikkje vere ordførar eller leiar i andre politiske utval, slik at denne kan halde fullt fokus på utviklinga av hamneområdet.

KOMPETANSE

Hamneadministrasjonen bør inneha slik kompetanse:

- Leiing
- Personal
- Fagsystem/hamnesystem
- Administrasjon
- Forvaltning
- Saksbehandling
- Prosjektleiing
- Økonomi
- ISPS/PFSO
- Beredskap/oljevern

ØKONOMI

	Rekneskap 2014		Budsjett 2015		Anslag 2016		Anslag 2017		Anslag 2018		2019/2020	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Anløp	1 340	646	1 600	919	1 500		1 400		1 300		1 200	
Vederlag	783	1 445	1 400	1 541	1 600		1 800		2 000		2 200	
Sakshandsaming	273	147	50		50		50		50		50	
Oppsparte midlar	411											
Finanskostnader		682		590		590		590		590		
SUM	2 807	2 920	3050	3 052	3050	590	3250	590	3350	590	3450	50

MÅL I STRATEGIPERIODEN

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
OMSETJING (mill.)	2,6	3,0	3,1	3,2	3,3	3,4
Anløp	1,6	1,6	1,5	1,4	1,3	1,2
Vederlag	1,0	1,4	1,6	1,8	2,0	2,2
ANLØP (antall)	3049	3436	3561	3685	4175	4300
Fiske/fangst	243	278	313	348	383	418
Container	560	605	650	695	740	785
Bulk	318	363	408	452	497	542
Passasjer	1928	2190	2190	2190	2555	2555
TONNASJE (tonn)						
Container	3 692	4192	4692	5192	5692	6192
KAI (meter)	340	420	455	455	675	675
Kalvøya	240	240	240	240	460	460
Igland	30	60	60	60	60	60
Smørhamn			35	35	35	35
Kjelkenes	30	30	30	30	30	30
Leirgulen		20	20	20	20	20
Amtskaia - Kalvåg	35	35	35	35	35	35
Svelgen	35	35	35	35	35	35
HAMNEAREAL (m2)	6800	6800	6800	6800	6800	6800
Kjelkenes	-	-	-	-	-	-
Smørhamn	500	500	500	500	500	500
Leirgulen	500	500	500	500	500	500
Kalvøya	5500	5500	5500	5500	5500	5500
Igland	300	300	300	300	300	300

HANDLINGSPLAN 2015 – 2020

Handlingsplanen er eit verktøy som viser prioriterte tiltak i Bremanger Hamn i planperioden. Nye tiltak vert tekne med ved rullering av handlingsplanen. Bremanger hamn krev inn anløpsavgift, saksbehandlingsgebyr og vederlag som inngår i hamnekapitalen. Hamnekapitalen skal holdast rekneskapsmessig avskilt frå kommunen sine øvrige midlar. Hamnekapitalen kan ikkje nyttast til andre formål enn hamneverksemd, herunder drift, vedlikehald, utbetring, utbygging og utvikling av hamneområdet, samt utøving av offentlege mynde etter reglar i, eller i medhald av Lov om hamner- og farvatn. Tilrettelegging for tryggleik og framkome i Bremanger kommune sitt sjøområde er også innanfor føremålet. Av årsresultat kan det setjast av midlar til framtidige utviklingstiltak og investeringar i hamneverksemda. *(Tabellen viser dei prioriterte tiltaka, og teksten under forklarar dei prioriterte tiltaka i handlingsperioden)*

Tiltak	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Kostnad i planperioden	Anløp	Vederlag	Tilskot
Merking Sjøområde	100.000	100.000	200.000	200.000	200.000	200.000	1 mill.	1 mill.		
Brukarmøte	100.000	100.000	100.000	100.000	100.000	100.000	0,6 mill.	0,6 mill		
Svelgen - Innsegling/utdjuping	100.000						100.000	100.000		
Kalvåg - Fiskeriutbygging	10,1 mill	25 mill	20 mill	90 mill	55 mill		200,1 mill.		102 mill	98,1 mill
Igland – molo og allmennings kai										
Leirgulen - Trafikk knutepunkt	4,5 mill.						4,5 mill.	0,5 mill	4,5 mill	
Smørhamn – Trafikk kuntepunkt		50 000	50 000	50 000	50 000	50 000	250 000		250 000	
Kjelkenes – Kai/areal										
Svelgen kai	10 000		10 000		10 000		30 000		30 000	

Merking sjøområdet;:

Bremanger hamn skal sørge for tryggleik og framkome i hamner og i kommunen sitt sjøområde. Bremanger Hamn har forvaltningsansvar og mynde etter hamne- og farvasslova innafor området der kommunen har planmynde etter plan- og bygningslova. Ny merking og vedlikehald av merker i sjøområdet er ein fast driftskostnad og administrasjonen si oppgåve.

Brukarmøte:

Bremanger hamn finansierer tiltak i sjøområda knytt til tryggleik og framkomst via innkrevjing av anløpsavgifta. Hamnevesenet treng innspel frå brukarane av sjøområda for å få ei heilskapleg oversikt av behov for oppgradering.

Det er behov for 3 brukarmøter i året fordelt på indre, midtre og ytre delar av sjøområdet til kommunen.

Svelgen innsegling/utdjuping:

Utdjuping av innseglinga til Svelgen til -10 i 80 meters bredde. Bremanger hamn har delteke i Kystverket sitt prosjekt med administrative ressursar under planlegginga og fram til ferdigstilling (2015).

Kalvåg fiskeriutbyggingsprosjekt:

Utbygging av Kalvøya med nye offentlege kaier, hamneareal, ny vegtilkomst, nytt landareal og ny Fiskerihamn. Administrativt arbeid og investering av hamnekapital.

Igland – molo/allmenningskai:

Kystverket skal avhende og selje molo og allmenningskai på Iglandsvik.

Leirgulen – trafikk knutepunkt:

Bygging av nytt kai anlegg til hurtigbåt og nytteskip (fleirbrukskai).

Smørhamn – trafikk knutepunkt:

Nedlagt ferjekai som skal takast over og driftast av kommune/hamn.

Svelgen kai:

Laste/losse kai i Svelgen sentrum.

Generelle kaier:

Privat egde kaier i sjøområdet til Bremanger kommune med persontrafikk i rute – kan Bremanger Hamn inngå leigeavtaler på. Der hamna ikkje har inntekter skal vedlikehald og drift frå eigar si side ligge inkludert i leigeprisen. Marinanlegg for fritidsfartøy er ikkje hamneanlegg som inngår i Bremanger hamn sitt ansvarsområde.

NASJONAL HAMNESTRATEGI

Nasjonal hamnestrategi legg opp til at Norges hamner skal forenkle hamnestrukturen, utvikle effektive og intermodale knutepunkt, legge til rette for sterkare og meir robuste hamner samt utvikle eit regelverk for hamnekapitale som er til det beste for sjøtransporten.

Hamnestrategien til Bremanger må sjåast i samanheng med Nasjonal hamnestrategi og evaluerast etter justering av lovverk, innføring av nye føresegner, samt planverk i framtida.

Revisjon/rullering av hamnestrategien

Handlingsplanen i hamnestrategien skal rullerast årleg, slik at ein får oppdatert i høve til framdrift og aktuelle prosjekt og får inn rette kostnader. Sjølve hamnestrategien bør reviderast minimum kvart 4.år, og elles ved vesentleg endringar i nasjonale eller kommunale føringar.